

BOKN BYGDABLAD

Nr 4 Mai 2004 - Årg. 19

www.bygdabladet.no



Nyopna - s. 9



Vårshow - s. 10



Ny interesse - s. 11



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Så er endeleg våren komen med varme og lyse fine dagar. Dette gir oss ein ekstra energi og vilje til å stå på vidare for familien, heimen og andre. Nytt tida.

Bokn Fiskemottak AS

Me er i kontakt med mulige etablerarar i Knarholmen, etter Bokn Fiskemottak AS sin konkurs, og kommunen vil gjere det ein kan for at det skal lykkast å få til ei ny etablering. Det hadde vore svært positivt for Bokn igjen å kunna tilby arbeidsplassar til dei som mista sin, eller til andre.

Rekneskapen for Bokn kommune 2003

Denne viser eit lite overskot, til tross for lågare eigedomskatt og høgare finansieringsutgifter enn budsjettert. God budsjett disiplin og innsparingar gjer at me kjem ut med overskot. Dette viser og at Bokn har ein pressa økonomi, men og har kontroll over økonomien. Alle ansatte har gjort ein svært god jobb og klart å halde oppe driftsnivået, sjølv etter innsparingar.

Sjukefråvær

Det er beklaglig at kommunen har eit så høgt sjukefråvær som 8,8%. Kommunen har tatt fatt i dette og blitt med i Haugaland HMS senter, IA-bedrift og andre tiltak. Formannskapet vil ha eit ekstra fokus på dette området framover.

Miljøverk

Det har vore arbeida ei stund med eit felles miljøverk på Haugalandet, som innbefattar Toraneset kommunane, Haugesund og Karmøy. Bokn kommunestyre har gått inn for dette, og det blir forventa at alle kommunane gjer det, og me vil ha eit nytt renovasjonsselskap frå 1/1-05.

Det er oppfatninga at med eit selskap vil ein få betre ressursutnytting, betre og billigare tenester enn om ein hadde halde fram kvar for seg.

Servicetorget

Utviding av servicetorget i Bokn kommune har nå tatt eit nytt steg ved at det er gjort

avtale med a-etat og trygdekontoret om å tilby deira tenester i tillegg til tenester for kommunen og likningskontoret som er der frå før. Ein får nå utført fleire tenester på ein plass og slepp å reise på fleire kontor, og er eit ledd i at Bokn kommune skal vere ein serviceinnstilt kommune overfor innbyggjarane.

Gjennom arbeidet med serviceerklæringane og budsjettarbeidet har politikarane og administrasjon fokus på å yta dykk best mulig service, det er derfor kommunen er til.

ADSL

Bokn kommune har fått til ein avtale med Telenor om å byggja ut ADSL, høghastighetsnett, på Bokn og dermed vil 80 -90% av befolkninga og bedrifter kunne nytte denne tenesta (**sjå også neste side - red.anm.**).

17. mai

Nå står feiringa av Norge sin nasjonaldag, for tur og eg oppfordrar alle til å delta i ei tradisjonell feiring av dagen (**program til å riva ut på midtsidene i bladet - red.anm.**). Me begynner med kapproing i Alvestadkroken, så tog til kyrkja, gudsteneste, tog til Boknatun og skulen, med tradisjonell feiring der.



Om kvelden blir det folkefest med underholdning og tale for dagen av tidlegare statsråd og nå stortingsrepresentant Magnhild Meltveit Kleppa.

Velkommen.

Endeleg breiband i Bokn!

Jardar Havikbotn

Etter formannskapsvedtak 5. mai er det klart for oppgradering av telefonsentralen i Bokn, og 323 av totalt 363 abonnentar (89%) i kommunen får tilbod om ADSL-breiband. Kven som er blant dei 11% som er for langt unna sentralen på Håland kan ein dessverre ikkje seia noko om i skrivande stund.

Jan Erik Haugland i Telenor fortel til Bygdabladet at dei ikkje kan gi eit presist svar om kven som ikkje kan få ADSL-tilbod før sentralen er oppgradert.

Han går i utgangspunktet ut i frå at abonnentar som ligg innafør ein radius av ca. 5,2 km frå sentralen er sikra ADSL-tilbod.

- Eg beklager at me ikkje kan seia meir i denne omgang.

Bygdabladet har grunn til å tru at abonnentar 8, 9 km borte frå sentralen også kan få inn ADSL, men her spelar altså fleire faktorar inn, så det er berre å venta.

Telenor og Bokn kommune har inngått ein avtale, og kommunen stiller eit garantibeløp for at Telenor skal oppgradera sentralen. Bokn Plast garanterer for 10% av dette beløpet. Summen blir redusert etter antal abonnentar som knytter seg til, og vil forsvinna heilt dersom det melder

seg nok ADSL-abonnentar.

Stor interesse for stor fart

Kulturkontoret har lufta interessa blant ein del husstandar, via e-post, og pr. 6. mai stod det 49 namn på blokka. Ingen tvil om at lengselen etter moderne tilstandar på telefonlinjene i Bokn tydeleg er til stades.

For det heile dreier seg om farten på data gjennom telefonlinja di, og med breiband kan du senda og motta data opptil 32 gonger raskare enn med ISDN eller analog linje. I teknologien ADSL (Asymmetric Digital Subscriber Line) vil farten vera større når du mottar data enn når du sender data.

Surfing, mailmottak og nedlasting av diverse på PC'en vil då gå som ein lek. Tale og data-signalene dine er adskilde slik at du kan snakka i telefonen samstundes som du er på internett. Du kan vera pålogga internett heile døgnet til fast pris.

For meir info, sjå www.telenor.no

Interesserte abonnentar kan ta kontakt med kulturkontoret, jhavikbotn@bokn.kommune.no eller [telenor.no](http://www.telenor.no)




Foto: Linda Ognøy

Ei helsing frå 3. og 4. klasse som denne våren har øvd inn "Teddyen min" saman med musikk lærar Venevil Birkelund.

"Teddyen min"

tekst og musikk: Åsta Hjelm

1. Jeg fikk av min pappa en teddy igår på fødselsdagen min. Vet du, den kan stå, og alene gå. Når jeg synger så danser den og. Se på min lille Teddy, du. Han danser rundt på gulvet nu. Der bukker han for dukken min, så bukker de i stuen inn. Det er så veldig gøy å se, så vi må alle sammen le. Min lille Teddy heter Per, tenk, han ser på meg å ler.
2. Min Teddy han kom fra Amer'ka Det er der rare ting kommer fra. Han er lyseblå, tykk og rund og så hvis du lytter så stepper han nå. Se på min lille Teddy du, han stepper rundt på gulvet nu....
3. Jeg tok med meg Teddy på skolen, han lå ned i ranselen min. Og da frøken kom, Teddy danset om på katet'ret mens jeg sang så from:



Se på min lille Teddy du, han danser rundt på katet'ret nu. Der bukker han for frøkenen min så bukker han litt rundt omkring. Det er så.....

4. Min mamma har sagt at min Teddy om natten kan ligge med meg. Han har pyjamas på og er så deilig så, han er min derfor synger jeg nå: Se på min lille Teddy du, han ligger her på armen nu, der blunker han til dukken min som ligger der i sengen sin Det er så.....




Sammendrag av innspill fra kommuneplankonferansen "Barn og unge sine oppvekstvilkår" 6. mars. Følgende hovedtema ble valgt som grunnlag for deltakernes innspill om tiltak og forbedringer:

- Skule/barnehage
- Forebygging av kriminalitet
- Transportordninger
- Ungdommens innflytelse
- Fritidstilbud


SKULE/ BARNEHAGE	FOREBYGGING KRIMINALITET	TRANSPORT ORDNINGER	UNGDOMMENS INNFLYTELSE	FRITIDS TILBUD
Lenger åpnings- tider	De voksne må være tilstede	Kommunen sparer til egen minibuss	Ungdomsråd	Kafe Bedre tilbud til gruppa 16-20 år
Lokaler	Øke fritids- tilbudene	Kjøre-ringer i Samband m/ arrangement	Elevråd	Samarbeid m/nabokomm. Felles korrinator for organisasjonene.
Skoleaktivitet etterskoletid	Temakvelder på for eksempel "Petra"	Kjøregodtgjørsele Fra organisasjonene	Lokalt ombud som talerør	Invitere hverandre Invitere andre lag og org.til planlegging
Ta vare på det som er	Familieveiledning/ undervisning		Politiske ung- domsgrupper	Felles møteplass for ungdom og eldre
"Naturskole"	Sosiale utfl.m/ klassen		Senka stemme- rett til 15 år	Frivillig innsats/øke tilbud til eldre
Fleksitid	Kommunal dugnad		Opplæring i å delta	Kyrkjebyggd akt.hus/kafe, møteplass for ungdom og foreldre
Alle tjenester åpne 1 kveld pr. uke	Holdningskamp. Mot rus		Postkasse for "ros og ris"	Regelmessig transport
Helsestsjon	Besøk av tidligere Rusmisbrukere. Mennesker som Jobber m/rusm. brukere		Kartlegge behov. Ungdomsrådet fungere som aktivitetssentral. Kommunen arrangerer klubbkvelder	
Opplæring i praktisk hånd- verk	Erklære Bokn som Mobbefri kommune		Motorklubb, verksted, ridehall. Bruk av turområder	
Samarbeid lag/ organisasjoner, hjem/skole og mellom de kom- munale tjenester			Lavare aldersgrense, dans Ungdomslag/ Ungdomshus. Dataopplæring/foreldre	
Ungdoms- arbeider				


Konferanseleder Frans Gisle Hansen



Konferanse om barn og unge sine oppvekstvilkår; 35 deltagere, hvorav 13 var elever fra ungdoms-/vid.g. skole.



Deltakerne prioriterte deretter blant temaene ved å avgi 2 stemmer hver.



> 12 stemmer	10-12 stemmer	7-9 stemmer	4-6 stemmer
Felles møteplass For ungdom og eldre	Bedre fritidstilbud Til aldersgruppa 16-20år	Kafe	Motorklubb, verksted ridehall
Ungdomsråd (31)	Regelmessig transport		Kartlegge behov
Politiske ungdoms- grupper	Kyrkjebygd aktivitetshus, kafe, møteplass for ungdom og foreldre. Diskotek	Postkasse for ros og ris	Samarbeid m/ nabokommune og organisasjoner
Opplæring i å delta (22)	Familieveiledning/ undervisning	Flere utflukter Med klassen	Elevråd
De voksne må være tilstede (19)	Erklære Bokn som mobbefri kommune	"Naturskole"	Lokalt ombud som talerør
Holdningskampanjer mot rus	Ungdomsarbeider		Øke fritidstilbudene
Samarbeid lag/org Hjem/skole og mellom De kommunale tjenestene (20)	 <p>Fv. Susanne Grønnestad, Guro Nygaard, Kristiane L. Mikkelsen, Helén Grønnestad</p>		Temakvelder på Petra
Opplæring praktisk Håndverk (14)		Besøk av tidligere rusmisbrukere	
Flexitid (18)		Skoleaktiviteter Etter skoletid	



Gunnar Bokneberg

På grunnlag av vektleggingen ble det etablert 6 arbeidsgrupper som drøftet følgende tema og tiltak:

UNGDOMS-RÅD	ØKE VOKSNE SIN TILSTEDEVÆRELSE	SAMARBEID LAG/ORG HJEM/SKOLE KOMMUNE	FLEXITID PÅ SKOLEN	FELLES MØTE-PLASS ELDRE/UNGDOM PETRA	FRITIDSTILB. TIL DE OVER 16
Ungdoms ordfører	Må ha en plan m/ konkrete tiltak	Kurs 1 helg/ halvår	Vedtak i elevrådet om å prioritere flexitid	Starte gruppe Unge/eldre. Finne "eiere"	Mål: Meningsfulle fritidstilbud
Utv. 7 repr.	Motivasjons kurs for foreldre Bruk av ungdomsråd	Informere om muligheter	Innhente info fra andre skoler Skoleledelse/ elever	Alt som serveres skal være "hjemmelagd"	Bør satse på to aktiviteter: "Ungdomstrimmen" "Klubbkvelder"
Stemmeberettigede 12-18 år	Motivasjons kurs: ansvar, stille opp voksenkont.	Antikollisjons møte 2 ganger i året	Prøveord fra neste skoleår	Temakvelder om mat Åpningstid 1600-2200	Aktiviteter på skole/Petra: Besøk/ oppvisning fra andre komm.
2 repr. fra hver av klassene 7-10	Midler: MOT	Samarb.møte August/januar Lag/org.	Gjelde for elever på ungdomsskolen	Drives på dugnadsbasis	Data, playstation
Kulturleiar finner 4 repr. i gruppa 16-17 år (nominasjon)	Vet du hva ungdommen Din driver med?	Åpent hus på skolen 14 dag	Frivillig ordning	Må ha komm. tilskudd	Kiosk, hjemmelaget mat.
	Frivillige lag og org.: Ved innm. Skriv at det forventes at de stiller opp om barns aktiv.			Formannskap godkj.eiere	Luftgevær Film og ballspill Aktiviteter andre steder: Bowling, pizza, paintball Laserskyting
	Ungdom: Påvirkefor-eldre og ungdomsrådet			Finne nytt navn på møteplassen	Arbeidet organiseres ved kulturseksj.
				Søke om kulturmiddel	
Styret velger ordfører/var		Åpnet hus: Kafe/kjøkken: Petra, Bakekurs private, org. Selger produkter	Opparb.fri på forhånd	Oppruste uteområde. Kommune	Foreldrevakt og lærling, barne- og ungdomsarb.

UNGDOMSRÅD	SAMARBEID LAG/ORG HJEM/SKOLE KOMMUNE	FLEXITID PÅ SKOLEN	FELLES MØTEPlass ELDRE/UNGDOM PETRA
Skolesaker Samferdsel Kultur Plan Budsjett	Aktivitet. Idrett i gymsal Faste turneringer Håndverk i sløyden.-Teiner Garn,bunad. Søm	Ny vurd. av skolerute	Innendørs Leikerom/spillerom
Ta opp egne saker	Datakurs i Datarom Rullebrett ute		Søke etter "ildsjeler"
Orientering i formannskap/kommunestyre	Besøk eller kurs: Speider, sanitet, Idrettslag Fiskarlag Båtfor. Pensjonisten Historielag Bork Bondelag. Urtegruppe Skyttarlag Dansklubb. Eventyrstund Korps Utstilling av bøker		Folk skal kunne Leverer mat
"Ordfører"= ungdomsleder?	På skole: Lokaler, datarom, Leksehjelp Klasser driv kafe for å tjene penger. Klasser legger arrangement til bestemte kvelder		Åpent for alle
			Samarb. Petra
Budsjett 10-15.000		INNSPILL OM SJØHUSLOKALENE:	
Ordfører skal ha møterett i "mini-komm. styre"		Middagsservering sommertid	
Kulturleder sekretær		Arrangere kurs /maritime tema	
Opplæring v/ rådm. og ordf.		Pubkveld	
Lage vedtekter		Dart og bridgekveld	
		TA MED DEG NOEN!	

I det videre arbeidet med revidering av kommuneplanen vil forslagene legges til grunn for diskusjonen om ny handlingsplan fram til 2007.

Kampen om Vikingskipet

May Jorunn Vatnaland

Speidarane sitt rebusløp, "Kampen om Vikingskipet", blei 24. april arrangert for 11. gong på Bokn.

I år var heile Haugaland Krets invitert til Loten. 16 patruljer var påmelde, godt over 100 personar med speidarar, leiarar og vaktmannskap møtte opp.

Me har ikkje alltid vore velsigna med godt vær til dette arrangementet, men i år var høgare makter med oss. Ein nydelig kveld, fin temperatur og stjerneklart. Dei to, tre regndråpane som kom eit kort øyeblikk er ikkje noko å snakke om.

Det var 24 forskjellige postar som kunne "kjøpast", dei fleste hadde vore innom ca. 8-10 postar frå kl. 20.00-23.30.

Det blir mykje tråkking, nokre vart trøyte på slutten – men dei fleste er veldig ivrige.



Fv. Silje Aksdal, Janne Elin Vatnaland og Vivian Pedersen på posten "Nytt på nytt".


Det var mogleg å få seg GRATIS bilvask ved løa til Erik Våga. Her var det ein post som hadde namn: Det er Shell det! Heile 12 bilar blei vaska, ein blei vaska to gonger da det vart så stor pågang på posten.




Bjarne Nedrebø sin patrulje på post hos Eivind Øvrebø.

Rune Andre Eikeskog frå Tysværvåg var med på konkurransen for fyrste gong og han likte veldig godt å stelle med bilar kunne han fortelja, og det såg for meg ut til at han gjorde ein god jobb.

Dette var tredje posten han var på då eg prata med han. Han hadde då vore innom "Julius" (apebru) og "Viking Surprise" (rollespel i skogen) Han var nøgd med betalinga som patrulja hadde tent i Boknadollar.



Rune Andre Eikeskog frå Tysværvåg i full gong med bilvask.



Kjersti Stuvik og Marie Lodden på hyttevask-post.

Marie Lodden, Kjersti Stuvik og Marianne Naustvik frå Nordheim var på posten "hyttetur". Her skulle dei vaske i hytta til Leiv. Det var kanskje ikkje det dei tenkte posten inneheldt, men ingen sure minner for det.

Nede ved Leiv sitt sjøhus var det fleire postar, mellom anna hadde Eivind Øvrebø ansvar for "D va då d". Her sko dei finna svar på ein del gamle museumsgjenstandar sitt bruksområde. I dei fleste ungdommar si dataverd kan dette vere ein vrien

jobb...

Ein annan post her var å fortøye båt og laste på rett vis. Det er ikkje alle speidarar som er like båtvane, så skilnaden var stor. Då eg var til stades var det 14. Haugesund som var i aksjon. Dei var ivrige, syntest det var kjekt og kom gjerne att til neste år.

Kvelden vart avslutta med kakao og bollar i tunet til Leiv og Solveig.. Leiv hadde bursdag denne dagen, så han fekk både song og blomehelsingar.

Vinnrarar av 2004:

- 1.plass ESEL frå Tysværvåg
- 2.plass JERV Skjold
- 3.plass TJELD Stord

Beste Boknapatrulje vart RØDREV med Janne Elin Vatnaland, Vivian Pedersen og Silje Aksdal på 4.plass totalt, dermed vann dei vandrepokalene. Gratulerer til alle!

Til slutt tusen takk til frivillige postmannskap, Røde Kors og grunneigarar i Loten.

Kaféen på Arsvågen i drift eitt år etter brannen

Reidar Alvestad

Nær eitt år etter brannen 17. mai i fjor opnar kaféen i Arsvågen dørene.

Drog i langdrag

Nå er lokala ferdig oppussa. Det er også kome til eit nytt påbygg i søraust med meir frysekapasitet.

Det er Mesta som har hatt oppdraget med å bygga på og bygga opp att lokala. Elles har det vore andre typer fagfolk til malararbeid, elektrisk opplegg osv. Arbeidet i seg sjølv tok ikkje så lang tid når det først vart påbegynt. Det gjekk imidlertid ei tid før det kom eigarskifte. Etterpå tok prosessen med å bestemma kven som skulle ha arbeidet med oppussing av lokala lang tid.



Den 5.mai var hovuddelen av kafe og gardsmat-utsalet ferdig, men hyllene var ikkje oppfylte, og bord og stolar sto stabla i eit hjørne. Opninga av kafeen og kiosken skulle skje om eit par dagar. Bjørn Einar Nybru som er kokk og arbeider i bedrifta står bak disken.

Nytt konsept

Arsvågen Kro og Gardsmat A.S. er noko anna enn den kafeen som var tidlegare. Lokala er heilt ombygde, og den tidlegare røykeavdelinga er innlemma i det andre. Lokala verkar dermed rommelegare, sjølv om det er kome opp meir varehyller. Masse nye hyller er kome på plass for å fyllast med nye varer. For nå er det ikkje



Det tidlegare røykerommet blir nå innlemma i lokala. To dagar før opninga la dei det siste malingstrøket på tak og vegger.

berre kafe og kiosk det dreier seg om, men eit utvida varespekter kor du skal få det mest nødvendige som du treng, sjølv om kolonialen er stengt.

I tillegg skal dei tilby såkalla gardsmat som kjøt, pølser og kjøtdeig. 3 ulike pølsetypar med utgangspunkt i okserasen angus. I ei av pølsetypene er det også iblanda lammekjøt. Det blir også selt oppstykkka kjøt av angusfe. Dette er stort sett frosne produkt. Elles sel dei lynghonning frå Svendsens bigardshonning, og vil tilby syltetøy frå Hervik. Etter kvart vil det koma poteter og grønnsaker frå Karmøy og urter frå Nedstrand.

Alt er ikkje på plass frå første dag, men vil koma etter kvart. Dei har også tankar om andre produkt som t.d. fisk. Dei vil prøva seg fram og sjå . Det vil vera litt meieri-produkt, halvfabrikata, hygieneprodukt, småleikar til barn og sjølvstakt kioskvare, aviser og lesestoff. Kaféen vil også ha softis.



Kafeen sett mot det tidlegare røykerommet. Ny foldedør er her på plass dersom ein t.d. har behov for å stenga av eit mindre rom til små arrangement. Elles vil dette rommet gå i eitt med resten av kafeen.

Spennande framtid

Frå hausten 2003 og fram til mai har det vore servert søndagsmiddag i 2. etasje på Arsvågen Kro og Gardsmat. Her har det vore ei fin utvikling med aukande tal middagsgjester, og mange er tilreisande. Folk har vore godt nøgde, og dei har fått mykje skryt for god mat.

Når dei nå opnar kafeen i 1. etasje, vil dei tilby søndagsmiddagen der. Elles vil dei ha middag med ein dagens rett kvar dag med heimelaga mat i tillegg til fastfood. Kaféen og kiosken blir nå opna ei god veke før 17. mai. Når det gjeld varesortimentet i gardsbutikken, vil dette koma etter kvart, men ein reknar med at mykje av dette skal vera på plass eit par veker etter opninga av kafeen og kiosken. Opningstida vil bli dagleg 09 - 21 med litt tidlegare stengetid lørdagar.

Arsvågen Kro og Gardsmat har eit nytt og spennande konsept kor dei har i tillegg til det tidlegare tilbodet med kafe og kiosk, har utvida varesortimentet betydeleg i forhold til det som var før. I tillegg til dette vil dei koma med nye kalitetsprodukt frå primærnæringane i nærområdet vårt som folk i seinare tid har fatta meir og meir interesse for.

Flott vårshow på skulen

Jardar Havikbotn

Nærare 70 barn var i aksjon på scenen i gym-salen 20. april då Hegren Sportsdanskklubb inviterte til danse- og teaterforestillinger.

i. Eit langt program vitnar om eit breiddt og stort miljø som er bygd opp. All honnør til Wendy som har fått dette til!



DANSEOPPVISNING: Boknarar som er med i minigr. er Linn Sørvåg, Annelin Eide, Emilie Espeland, Ida Havikbotn, Malena Hognaland, Marita Alvestad og Sverre Trosnavåg.

Som kjent har Wendy Riber hatt grupper i dans & drama i Bokn dette semesteret, og det var nytt i år at det tradi-sjonelle vårshowet blei avvikla både i Bokn og på Sjonar med alle aktørane samla.

Første og andre avdeling var via til dansen, og det var mykje fint å sjå. Wendy opererer med mini-, midi-, maxi- og ungdomsgrupper i tillegg til konkurransepar. Eit publikum på rundt 70 lot seg sjarmere og imponera av barn og unge heilt ned til 3 år, mange i flotte, fargerike kostymar.

I pausen fekk fleire av boknarane sitt første møte med "Lucky Dip" - ein sekk full av isoporkuler



TEATER: Midi-maxigruppa i Bokn er fv. Benedicte Mæland, Fredrik Olausen, Tonje K. Medhaug, Sofie Rossebø, Amalie Våga og Roar K. Medhaug.

med snop og leiker gøymde oppi. Spannande og populært for ungane! Foreldre av Bokn-aktørane hadde laga kafémat og nokre foreldre stod også i kaféen. Takk til alle!

Ikkje mindre enn fire teaterforestillinger var med og gjorde ettermiddagen og kvelden lang. Fleire småungar var stuptrøytt etterpå, men det står me

Me håpar å halda fram med Dans & drama-tilbod i musikk- og kulturskulen til hausten, sjå s.

Preben Søderlund og Miriam Djønne nokre dagar før dei tok sølv i NM.



NM i dans

Konkurransepara frå Sjonar deltok i Danse-NM i Bergen siste helga i april og gjorde ein svært bra figur då fleire par kom til finalen i sin klasse. Den største prestasjonen stod Preben Søderlund og Miriam Djønne for då dei fekk 2. plass i sin latin-klasse! Fjør i hatten for Wendy og eit stort motivasjonsløft for miljøet.

Interesse for Sunnlandsstraumen

Jardar Havikbotn

Representantar frå Rogaland fylkeskommune og Stavanger Sjøfartsmuseum vil koma og sjå nærare på Sunnlandsstraumen, som pr. i dag har status som eit marinarkeologisk interessant område.


Den vakre kanalen på Sunnaland, som ikkje har status som freda eller sikra, har lenge stått i fokus hos mange pga. den store hyttebygginga på nordvestsida av sundet i vinter. Fleire var engstelige for at steinsettingane skulle bli skada av arbeidet, som blei utført etter godkjent reguleringsplan. Tvert i mot må ein seia at løysingane framstår som gode og glir estetisk fint inn i området.

Rogaland fylkeskommune og Stavanger Sjøfartsmuseum har også, på ulike måtar, registrert byggeuroa i det området som Bokn kommune velde som sitt kulturminne under Kulturminnestafetten i 1997. Anne Midtrød ved kulturavdelinga i Fylkeskommunen og Endre Elvestad ved Sjøfartsmuseet vil i andre halvdel av mai sjå nærare på området, særleg med tanke på ev. nye registreringar/ny status.

Elvestad var nyleg på årsmøtet til Bokn historielag og heldt foredrag om dei marinarkeologiske undersøkingane av tuftekompleksa på sørenden på Are-Hognaland-Loden hausten 2003. No vil han bli meir kjent med Straumen.

- Stedet er absolutt verdt en befarung, og vel så det, kjem det raskt frå marinarkeologen.

- I 1873 utarbeidet havdirektøren en plan for opprensning av Strømmen til en dybde av 1,25 meter, og bygging av forstøtningsmurer med et farbart løp med 7,8 meters bredde. Årsaken var å lage en alternativ led til de mest værharde delene av



"Borjene" på austsida.

Foto: Unni Høivik

Boknafjorden. Arbeidene ble igangsatt i 1875.

Elvestad er opptatt av kvifor "borjene" blei bygde:
- Boknafjorden var like værhard tidligere, og Sunnlandsstraumen like aktuell som en alternativ led. På 1600-tallet omtales gården (iflg. Lindanger) som liggende ved en Alfar Wey og det var skyssplikt.
- Det samme er svært sannsynlig i eldre tid også (bortsett fra skyssplikt kanskje).

Gravrøyser og fiskeværstuffer

Elvestad kan opplysa om at det i austre utløpet ligg ei gravrøys med varde. Og i innløpet til kanalen i Grønnestadvågen ligg det ei gravrøys. Han har også mistanke om at det er fleire som ligg (eller lå)


synlege frå sundet. I tillegg er det fleire konsentrasjonar med fiskeværstuffer langs med leia.

- Dette tyder på en svært aktuell jernalder led.

Marinarkeologen leitar etter samanhengar.
- Skiftesviknavnet kan komme av Skipevik; dvs. en vik det lå skip i. Det er mulig dette reflekteres i stedsnavnene Skipaflua og Skipaskjer (avmerket på sjøkartet). Dette stedsnavnet er sannsynligvis svært gammelt (jernalder/middelalder) og betegner en havn eller ankringsplass.

Han trur også at Sunnlandsstraumen hadde strategisk interesse for høvdingane i jernalderen, fordi kanalen ved sida av å vera ein sikker veg inn til Karmsundet også var ein bakveg.

Fleire interessante opplysningar kjem kanskje etter synfaringa?



Sunnlandsstraumen mot vest.



BOKN KOMMUNE

Seksjon kultur

Musikk- og kulturskolen kan gi fylgjande tilbod:

- GITAR (både akustisk og el.)
- ELEKTRISK BASS
- POP/ROCKEBAND
- KEYBOARD
- PIANO
- DANS & DRAMA

I tillegg er dirigentane i Bokn Musikkorps musikkskulelærarar.

Her er nokre opplysningar om dei ulike aktivitetane:

GITAR

Eit populært instrument som er lett å ta med seg overalt. Undervisninga dreier seg stort sett om å spela etter **besifring/akkordspeling**. Ved hjelp av talsymbol kan du akkompagnera deg sjølv og andre.

EL.GITAR, -BASS, POP/ROCKEBAND

Undervisning i elektriske gitarar er med tanke på å spela i band. Dei vanlegaste instrumenta i eit slikt band er song (vokal) piano/keyboard, gitar, bass og trommer (slagverk). Undervisninga held på til bandet kan øva på eiga hand.

KEYBOARD

Eit keyboard i musikkverda er ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar. Viss du har, og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikk-skulen har keyboard som blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Du lærer å akkompagnera deg sjølv og andre ved hjelp av akkordspeling. Med bruk av rytmar og forskjellige lydar får du, også som nybegynnar, kjensla av å styra eit heilt orkester. Eit keyboard med innebygd opptakar er også eit godt hjelpemiddel til å komponera.

PIANO

Det klassiske pianoet døyr aldri ut sjølv om me har fått aldri så mykje synthesizerar, keyboards med datatilkoplingar til den digitale verda. Undervisninga kan både gå på klassisk pianospeling etter noter og meir akkompagnering/akkordspeling, såkalla brukspiano.

Påmelding til Musikkskuleåret 2003/2004

DANS & DRAMA

Dette er for alle danse- og teaterinteresserte. Gjennom eit samarbeid med "Hegren sportsdanskklubb" på Sjonar tilbyr Wendy Riber undervisning i dans & drama i Bokn, både for barn og vaksne. Det blir ulike grupperingar etter alder. Forutan ymse dansesjangrar får elevane også scenetrening gjennom teater.

ANDRE AKTIVITETAR

Musikkskulen har inneheldt mykje meir enn dette, og dersom du ikkje finn tilbod her til det **du** er mest interessert i, ta kontakt så får me sjå kva me kan gjera.

PÅMELDING OG REGISTRERING

Du kan melda deg på ved å senda brev, ringa eller senda ein e-post til kulturkontoret; **52 75 25 08 - 98 22 15 08** eller **jhavikbotn@bokn.kommune.no**
INNAN 15. JUNI

Påmeldingane blir registrerte i rekkefølge etterkvart som dei kjem inn. Dette blir gjort i tilfelle ventelister. Det lønner seg å vera tidleg ute viss du vil sikra deg plass på noko (dersom tilbodet blir realisert).

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan om ynskjeleg byrja. Dersom du lurar på om tida er moden for aktivitetsstart for ditt barn, skal me sjølv sagt prøva å hjelpa deg med dette - ta i tilfelle kontakt.

HALVÅRSSATSAR:

Einetime (30 min./veke)	kr. 900,-
Einetime (22,5 min./veke)	kr. 675,-
Instrumentalgr. (90 m./veke)	kr. 620,-
Aspirantopplæring	kr. 480,-
Dans & drama	kr. 480,-
Instrumentleige	kr. 220,-

30% syskenmoderasjon på den rimelegaste aktiviteten.

(Ei gruppe vil seia to eller fleire.)

Spørsmål om påmeldinga - kontakt Jardar på kulturkontoret.

NB! Du som spelar i musikkskulen i dag treng ikkje melda deg på att, men gir beskjed til læraren din om du vil halda fram eller ikkje.

PROGRAM 17. MAI 2004

- 08.00 Kapproing i Alvestadkroken
17. mai-frukost i Sjøhuset kl. 08.00 – 10.00
- 09.30 Oppstilling til folketog frå Alvestadkroken
- 09.45 Folketog til Bokn kyrkje
- 10.30 Gudstjeneste i Bokn kyrkje
- 11.15 Folketoget går frå kyrkja, **veg om barnehagen til framsida av Boknatun**
- 11.40 Musikorpset spelar ved Boknatun
- 12.00 På skulen: Velkommen ved ordf. S.O. Alvestad
Allsong - Mellom bakkar og berg
Appell v/ungdomskulen
Song v/barnekoret
- 12.00 Kiosksalet startar
- 12.30 Matsserveringa startar
- 13.30 Leikar for barn og vaksne
- 14.00 Oppvisning, Bokn trailiklubb
- 15.00 Trekningar – premieutdeling
Avslutning – Allsong: Ja vi elsker.


Bokn musikkorps	-	korpsmusikken, tombola, pil- og ballkast
BORK	-	barneriding
Bokn båtforening	-	kapproing i Alvestadkroken
Bokn skyttarlag	-	luftgeværskyting i Klubbhuset(BTL)
Speidaren	-	karusell, løypestreng
Bokn idrettslag	-	trail
Bokn hagelag	-	pynting
Klassekontaktane	-	leiker for born
Arskroen kro og gardsmat	-	middagsservering

PROGRAM FOR FOLKEFESTEN 17.MAI

- 19.30 Folkefest på Bokn skule
- Velkommen
- Allsong – Fedrelandssalmen
- Songtrioen
- Festtale ved Magnhild M. Kleppa
- Matøkt med noko attåt
- Songtrioen
- Avslutning med allsong – Ja vi elsker
- Inngangspenger: kr. 100,-
Barn: kr. 50,-

VEL MØTT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai komiteen 2004 - Formannskapet



2003

NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT

Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag, en sommerkveld ved fjord og fossevell, fra eng og mo med furutrær, fra havets bryn med fiskevær og til de hvite skjær, møter du landet i trefarvet drakt, svøpt i et gjenskin av flaggets farveprakt.


Se, en hvitstammet bjerk oppi heien rammer stripen på blåkløkker inn mot den rødmalte stuen i veien; Det er flagget som vaier i vind. Ja så hvit som det hvite er sneen, og det røde har kveldsolen fått, og det blå gav sin farve til breen, det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnstund på benken i Studentertlund der sitter han og hun, to unge nyutsprungne russ, to ganske nylig tente bluss, i tyve grader pluss. Hun er som en gryende forsommerdag som farves av gjenskinnet fra det norske flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen, og så rødt som det rø` hennes kinn, hennes øyne er blå som fiolen, hun er flagget som vaier i vind. Han har freidig og hvitlugget panne, og en lue i rødt har han fått. Med en lyseblå tiltro til landet Står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

FEDRELANDSSALMEN

1. Gud signe vårt dyre fedreland, og lat det som hagen bløma! Lat lysa din fred frå fjell til strand, Og vinteren for vårsol røma! Lat folket som brøder saman bu, som kristne det kan seg søma.
2. Vil Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja. Vil gud ikkje verja by og land, kan vaktmann oss ikkje tryggja. Så vakta oss, Gud, så me kan bu i heimen med fred og hyggja!
3. No er det i Norge atter dag med vårsol og song i skogen. Om sædet enn grov på ymist lag, det brydder då etter plogen. Så signe då Gud det gode såd, til groren ein gong er mogen!



17. mai 2004

Etter oppstilling/ved sjukestova

KONGESONGEN

Gud signe vår konge god,
Stign han med kraft og mot
Stign hjem og slott!
Lys for ham ved din ånd
knytt med din sterke hånd
hellige troskapsbånd
om folk og drott!

Allsong på skulen

MELLOM BAKKAR OG BERG

Mellom bakkar og berg utmed havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strønder;
der var ingen som der hadde bygt.
"Lat oss ryddja og byggja oss grender,
og så eige me rudningen trygt."

Han såg ut på det bårute havet:
der var ruskut å leggja ut på;
men der leikade fisk ned i kavet,
og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vinteren stundom han tenkte;
Gjev eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til sin heimlege strand.

Og når liene grønkar som hagar,
når det laver av blomer på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.

Toget etter oppstilling/ved sjukestova

NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet
som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet
med de tusen hjem,
elsker, elsker det, og tenker
på vår far og mor
og den saganatt som senker
drømme på vår jord,
og den saganatt som senker,
senker drømme på vår jord.
5. Norske mann i hus og hytte,
takk din store Gud!
Landet ville han beskytte,
skjønt det mørkt såg ut.
Alt hva fedrene har kjempet,
mødrene har grett,
har den Herre stille lempet,
så vi vant vår rett.
Har den Herre stille lempet,
så vi vant, vi vant vår rett.
6. Ja vi elsker dette landet
som det stiger frem,
furet værbitt over vannet,
med de tusen hjem.
Og som fedres kamp har hevet
det av nød til seir,
også vi, når det blir krevet
for dets fred slår leir.
Også vi, når det blir krevet
For ::dets fred:: slår leir.

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

MAI

- 14. Kino i Auditoriet
- 14.-
- 16. Familieleir på Sandbekken, arr. Bork
- 15. Dans på skulen, 15 år - arr. Bokn Røde Kors & Bokn idrettslag
- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 27. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 16.00
- 27. Muslimmisjon på Bedehuset
- 29. Bokn musikkorps 40 år - open dag på skulen kl. 12.30 - 16.00/Vaksenfest om kvelden, sjå under
- 30. Bokn musikkorps 40 år - Jubileumskonsert kl. 15.30, sjå eiga annonse under
- 30. Gudsteneste kl. 11.00 Bokn/Tysvær - Skulekorpset

JUNI

- 01. Formannskapmøte
- 02. Basar på skulen, arr. Bokn sanitetsforening**
- 03. Soknerådsmøte kl. 19.00
- 04.-
- 06. Speidartur til Vågholmen
- 05.-
- 06. Kretsleir for ulv og meis på Blikshavn
- 06. Gideon på Bedehuset
- 13. NLM på Bedehuset
- 15. Kommunestyremøte

- 19. Bokn musikkorps reiser på tur
- 20. Gudsteneste **kl. 19.00**

JULI

- Fjelltur, arr. Bork
- 31.-
- 06.08 Speiderkretsleir i Suldal

AUGUST

- 27. Kino i Auditoriet
- 29. Distanseritt, Ognøy - arr. Bork

SEPTEMBER

- 24. Kino i Auditoriet
- 28. Formannskapmøte

OKTOBER

- 12. Kommunestyremøte
- 22. Kino i Auditoriet
- 26. Formannskapmøte

NOVEMBER

- 11. Kommunestyremøte
- 19. Kino i Auditoriet
- 30. Formannskapmøte

DESEMBER

- 14. Kommunestyremøte

Før ferien vil bidragsytarane koma med nytt påfyll til kalenderen for hausthalvåret. Dette vil stå i juni- eller juli-utgåva.

Bygdabladet beklager at feil versjon i forhold til nettutgåva kom på trykk forrige gong, der det stod at april-dansen på skulen skulle vera i påska.

Program for 40 års jubileet til Bokn Musikkorps 29. og 30. mai 2004

Laudag 29. mai:

12.30 Familietreff på Bokn Skule der alle vert inviterte til å delta med familie.

- Bokn Brass spelar ved opning av jubileumsfeiringa.
- Utfordring til "gamle" musikantar om å stå fram og delta med gamle kunster.
- Dragonfly cheerleading
- Uformell økt med drøs og;
 - o Speidarkarusell, lynlodd og 21-spel
 - o Sal av mat (gryterett, pølser, is mm)
- "Veterankorpset" opptre.
- Avslutning ca. kl 16.00

20.30 Vaksenfest på Bokn skule (18 årsgrense) - kun for tidlegare og noverande medlemmer/tillitsvalde

- Kåseri
- Reker og vin
- Det vert musikk over anlegget til å lytte og danse til, men medlemmer frå Rapido og Felix har lova å trø til med ei økt i løpet av kvelden.

Søndag 30. mai:

11.00 Gudsteneste i Bokn kyrkje der Bokn Skulekorpset deltek.

15.30 Jubileumskonsert

- Konferansiér: Gunvor D. Veia
- Prolog av Olaug Hognaland
- Aspirantane spelar Matøkt
- Bokn skulekorpset spelar
- Bokn brass spelar

Skulekorpset skal m.a. framføra repertoaret sitt frå "Programkonkurransen" dei deltok på 28. mars.

Bokn brass har ei eiga solistavdeling med egne solistar og gjestelolar. Øyvind Børgesen (gitar/song/kornett) og Lillian Grønnestad (Euphonium) skal vera solistar i tillegg til utflytta boknar og tidlegare korpsetmusikantar Sissel Eikeskog (Våga), som vil synga Tir Na Noir. Vidare kjem Roy Strømø (trompet) og Nils Økland (hardingfele og fiolin).

Det blir trolsk stemning når sistnemnde spelar Fanitullen på hardingfele saman med korpset. Han vil også ha si eiga avdeling.

Velkomen til fest!

Historia om "Sunda"

Nedskrive av Asbjørn Alvestad 2004 - kildedagbok av Monrad Alvestad frå 1946

1946 - Sildefiske med m/s "Sunda" R-37-B. Som hjelpar, med dory og garnfiske.

Tirsdag 22. januar

"Det var allmannamøte av fiskerar i Bulandet i dag, med krav til statsmaktene om auke av prisen for vårsild frå kr. 11,00 til 13,73, og frå 14,50 til 18,00 for storsild, og utvida sesong for storsild."

Hjelpar er fiskebåt som hadde mannskap og ein dory.


Mesteparten av snurperane låg i Florø, Bulandet, og ein del i Sula.

"Svensk taubåt måtte i dag gi opp å få slepar ombord."

"Hedra" dreiv fra Utsira til nord for Stad. Bergingsbåten "Draugen" kom innover i dag, etter fåfengt prøvd å berga havaristen.

"25 kvartmil vest av Rundø, kom Draugen opp i store sildeåter", så silda såg ut til å vera på veg mot land.

Syd kuling og snøsludd med landligge. Tida vart lang når det var uver, og dei måtte liggje i ro lengje på ein stad. Dagane gjekk med til å eta, sova, lesa og til å spela kort.



"Vi ligg i Hardbakke, Sula - ytre Sogn. Her er kyrkje, skulehus, og ungdomshus, men ellers aude og trist å sjå til."

Det var varsel om full storm og tordenbyger. Bra det var god havn i Hardbakke. Dei var lens for brød i fleire dagar, og det kom ikkje brød før med båt på laurdagen. Ei veke sidan dei reiste heimanfrå.

"Vi har ennå eit par sildegarn å felle (montere), så vi er ikkje aldeles arbeidslause. Amerikanske og Australske vitenskapmenn har i går hatt kontakt med månen og sola ved hjelp av radarapparat." Dette var nyhende, det vart nok mykje lytting på radio.

Svensk båt "Hedera" ligg og driv vest av Marstein fyr. Den har skade på maskin og ror.

"To drivere kom inn frå Svinøyfeltet med henholdsvis 2 og 5 sild."

Snurpeflåten spreidde seg mot sør, men det var endå ein del båtar igjen i Bulandet.

"Vi gjekk frå Hardbakke i dag, og har stampa oss sørover til Hjelmvågen i liten syd kuling. Inga sild i dag heller, men alminnelig utseiling på Møre i kveld, det er meldt om sild i fisken ved Sandved (Karmøy). Trygve Lie einstemmig nominert til generalsekretær i FN."

Heile januar gjekk utan at dei hadde sett sild, og dei gjekk sørover, men det var ikkje sild ut for Bergen heller, så dei gjekk attende til Sula i Sogn. Det var nok ein livleg diskusjon om dette, og det viste seg at silda kom fyrst inn på Møre. Framleis var det dårleg

ver rundt Stad.

"Eit fly med fisk frå Lofoten til Oslo, flyturen tok 4 ½ time."

Nyhende meldt på radio.

Dei vart liggjande i Steinsund på Sula, ved sida av "Sonja I" og "Aud II", som var frå Bokn. Snurperane byrja å kasta langt vest på havet mandag 4 februar, men mykje sprengde nøter.

Fyrste silda fekk "Sunda" i lag med ein båt som heitte "Utrøst", sidan i lag med "Aud II", som sprengde nota, men dei fekk likevel nok sild til last i; "Aud II", i "Havørn" og noko i "Sunda".

Litt lenger sør fekk dei lag med "Selbjørnsfjord", som og sprengde nota, men den fekk last, og dei flytte kastet over på "Sunda", som fylte opp til dei hadde last, då sprang "manteleen" (heisewiren), og resten vart sluppe ut. Klokka var då 22.00, men nota måtte ordnast etterpå. Det var tung sjø, dei fekk straum i mot og bruka 3 timar til å koma inn til Bulandet.

"Sunda" var søkklasta, og var nedpå ein grunne ved innløpet,

"men det gjekk godt"

som han skriv. Sildelasta vart lossa frå "Sunda" til ein seilar (fraktesbåt).

Snurperane måtte på grunn av sterk vind og høg sjø, slepa notbåtane, og nokre bruka opptil 7 timar på denne turen,

"dei var glade dei kom til land".

Mannskapet på "Sunda" var slitne då dei på morgonkvisten i 6 tida kunne gå til køys.

"Da vi tørnet ut kl 13 var det stiv nord-ost kuling, så vi fikk god tid til å kvile ut, og det trengtes også."

Dei gjekk sørover, og fekk jobb med "Snurp III", som sjølv fekk last, +last i ein drivar, og last i "Sunda". Dei gjekk for å lossa i Bergen, det var mørkt og stiv kuling,

"så det var vanskeleg å ta seg fram i straumane"

(dette var i same område som fraktesbåten "Rocknes" nå i vinter gjekk på grunn og kantra med tragisk utgang.)

Dei var komne til Nordøyni, mellom Øygarden og Fedje.

Fredag 8 februar.

Veret var dårleg med sterk straum og høg sjø, og fangstane små.

"Vi fekk fyrst lag med "Torleif", men nota dreiv oppi drivgarnlenka til "Molly", og sidan opp i nota til "Ørn", så det vart ingenting av. Etterpå hjalp vi "Ørn" med å få inn nota som var gått heilt ned, det var berre sjølve (snurpe) wierane som var over sjøen".

Dei hjalp til med å slepe "Ørn" og med å mantle (heise) inn nota. Dei fekk 150 hl for jobben. Sjølv om det ikkje var fangsta sild, så fekk dei seddel på sild i staden for penger.

"Skjelden har vi sett silda rause så lys-tig på sjøen som denne kvelden oppunder Nordøyni. Det var eit brak og råk, som om det skulle vera oppi eit orkast".

(kast klar til å håve fangst frå).

Dagen etterpå vart det kasting inn for Fedje. "Sonja I" sleit av flåen og kløyvde nota, "Aud II" sprengde, men

fekk likevel opp noko sild.

Det var så mykje "boms" (hjelperar) at det var vanskeleg å få jobb, "Sunda" fekk sleparen i propellen, slik at den sto fast. Dei måtte slepast inn til Fedje, der dei *varpet* (la seg for anker) og fekk fjerna det meste vekk frå propellen, og kunne gå ut på feltet på ny.

Utpå kvelden fekk dei lag med "Gullregn"

"Vi fekk 10% for jobben."

Dette var god pris, då prosentten av fangst varierte fra 5-6%, og var mest 7-8%. Dei streika seinare for å få fast 8%. Størrelsen prosentten for jobben vart tinga fram mellom *notbas* frå snurpebåt og *hjelpebas* frå hjelparbåt.

Sundag 10. februar

"I natt måtte vi tørne ut og flytte plass, og ved middagstider mått vi forhale igjen. Utpå ettermiddagen gikk vi ut for å fylle vatn, då vi var aldeles vannlens, men då blåste det så frykteleg at sjøen stod i et kok, så vi snudde og gjekk inn igjen."

Snurpebåten "Lindøy" forliste på Sognesjøen. Båten kantra og vart knust i brenningane ved Byrknesøyane. Ingen av de 20 ombord vart redda.

Motorkutteren "Sjøvik" med sildelast ombord, "berørte" ein grunne, sprang lekk, og måtte ha assistanse av bergingsbåt. Det var stor risiko når båtar "søkklasta" med sild ferdast i ukjent farvatn. Rett etter stod "Laval" på grunn, redningskøyta fekk drege den av.

"Sunda" gjekk sørover mot Korsfjorden, låg i Bakkasund ved sida av Boknaskøyta "Flora."

Det var skodde og lite sild å sjå. Snurperane leita etter sild frå Teksla til Skolten, men silda stod for djupt. Skodda var tjukk, og der låg mykje miner og dreiv, så dei dei fleste gjekk mot land. Dette var rett etter 2. verdenskrig, og det hadde vore kraftig storm, så eindel miner hadde losna, desse var ein stor fare for båtane.

"Vi gjekk frå Stolmen med kurs sørover, var innom Espevær, kom til Haugesund natt til lørdag, og gjekk heim dagen etter."

Dei gjorde seg klar til botnagarnfiske. Var innom Skudeneshavn og halte opp nota.

Dreiv fiske med botnagarn vest av Karmøy i halvanna veke, og gjekk til Egersundområdet og fiska ei veke.

"Vi gjekk frå Egersund kl. 14.30 med kurs heimover. Det er frisk vind, og vi hadde alle seil oppe. Så det gjekk fort nordover. Smul sjø, kom til Alvestadkroken kl 19.30"

Altså bruka dei berre 5 timar på turen frå Egersund og til Boknasundet. Vanleg fart på "Sunda" var mellom 7 og 8 sjømil (knop). Men det var nok adskillig større fart når segla var i bruk.

Dette set tankane over til ferda som Olav Haraldson gjorde vinteren 1028 på same strekningen, då han i ly av mørket med tre båtar og utvalgt mannskap;

(Snorre;)"i grålysninga la kongen ut or hamna. Dei hadde god bær, men noko kvass, - det bar fort nordetter framom Jæren med kongskipa, og da tok Olav den indre leia", som eg meiner er i Boknasundet.


Det er hevda at det var for lita tid å koma så langt, men ovannevnte viser at dette er mogeleg.

Sjømannsmisjonens årlige basar

Kari Hetland

Trofaste medlemmer i Sjømannsforeningen i Bokn hadde igjen ordnet til basar i gymsalen på skolen 28. april.

Mange fine gevinster var stilt frem, alt fra hardanger-søm, dukker med strikket bunad, blomster og steintøy. Det var godt med folk og Marie Vågshaug ønsket velkommen.



ILDSJELER: Fv. Marie Vågshaug, Elly Borgenvik og Laila Hognaland i Sjømannsmisjonens tjeneste.

Foreningen i Bokn hadde besøk av kretssekretær i Sjømannsmisjonen, Dagfinn Misje, som også hadde talen for kvelden.

Han fortalte om sjømannsmisjonens mangfoldige arbeid rundt om i verden. Misje snakket også om Sjømannsmisjonens arbeid i Sydney, Australia og at her skal det åpnes et nytt senter med tanke på alle de norske studenter som er i denne storbyen.

Det er viktig at de har en møteplass så langt borte fra hjemlandet.

Sjømannsmisjonen har en sentral plass i mange land. Her møter nordmenn hverandre og opplever tilhørighet.

-Sjømannsmisjonen ønsker å være inkluderende og å få folk til å føle at noen har sett dem når de er innom våre baser rundt om i verden, sa Misje til Bygdabladet. Derfor tror jeg også at denne misjonen favner mennesker i alle samfunnslag og ulike ståsted. Bare i sjømannskirken på Gran Canaria var det 43.000 besøkende i 2003, og det er mange som gifter seg i sjømannskirkene.

- På verdensbasis ser vi at det nesten er like mye ungdom som sjøfolk som søker til våre baser, sa Misje.

Han har selv ansvaret for et vidt område; fra Skudesnes til Bokn, Sauda i sør, Bømlo, Halsnøy og like til endes i Åkrafjorden og bygdene, Fjæra, Markhus og Åkra.

-I løpet av et år kan det bli bort i mot 55-60 basarer og det medfører endel reising. Har sett at rekruttering av nye medlemmer til misjonsforeningene er mindre nå, enn for eksempel for noen år tilbake. Men på Bokn er det gledelig å se at det er yngre medlemmer som står trofast på og lager til basar, sa Dagfinn Misje til Bygdabladet.

Totalt kom det inn kr 20 000,- på basaren.

Nye medlemmer er hjertelig velkommen til å være med i Sjømannsforeningen. Ta kontakt med Elly Borgenvik på tlf. 52 74 85 28.



Dagfinn Misje

Noe å tenke på.....

AVSKJEDSSØKNAD

Søker herved om å få slutte som voksen.

Jeg har besluttet meg for å gå tilbake til å bli åtte år, med de plikter som inngår i dette.

Jeg vil kunne gå på McDonalds og tro at jeg sitter på en firestjernes restaurant. Jeg vil la pinner segle om kapp i en bekk, og jeg vil bygge et slott av gamle kartonger.

Jeg ønsker å tro at nonstop er morsommere enn penger siden man faktisk kan spise dem. Jeg har lyst til å sitte under en stor eik sammen med noen kompisser og selge saft til forbipasserende en varm sommerdag.

Jeg vil vende tilbake til en tid da livet var enkelt og lett å leve; da det meste handlet om farger, pluttifikasjonstabellen, rare rim og regler, og veldig lite bekymring, siden du ikke visste hva du ikke visste, og du brydde deg i alle fall ikke om det.

Du kunne være bare glad siden du var lykkelig uvitende om alt som kunne gjøre deg urolig eller

bekymret. Jeg vil tro at verden er et eneste stort tivoli. At alle mennesker er til å stole på, gode og ærlige.

Jeg vil gjerne tro at alt er mulig. Jeg vil kunne lukke øynene for det som er vanskelig og tungt, og jeg vil kunne bli glad og oppspilt over småting igjen. Jeg vil leve enkelt og lett igjen.

Jeg vil ikke at min dag skal bestå av datahavari, fjell av papirarbeid, deprimerende nyheter, forsøk å overleve flere dager hver måned enn det finnes penger til, regninger, sladder, sykdom, og tap av nære og kjære.

Jeg vil tro på latteren, klemmer, vennlige ord, sannhet, rettferdighet, fred, drømmer, snøengler og på fantasien.

Ja, her er så mitt sjekkhefte, mine kredittkort, bilnøkklene og mine papirer.

Jeg slutter i stillingen som voksen fra og med i dag.

Om du av en eller annen grunn vil diskutere dette med meg, så er du nødt til å fange meg først, så "Ta meg om du kan!"

Fargerik forfatter

Jardar Havikbotn

21. april fekk alle skuleelevane i Bokn møta forfattaren Eirik Newth.

Kvart steg fekk eigne tilrettelagde, svært interessante og engasjerande møte, bygd opp omkring bøkene hans om naturvitenskap for barn og ungdom. Elevar og lærarar fekk samstundes ein skikkeleg leksjon i astronomi av 40-åringen, som er utdanna astrofysikar.

Den friske og intense talemåten til Newth samt at han trur på - og er nyfiken på liv i verdensrommet, ufoar og heile pakka smittar fort over på publikum. Ingen har tid til å ikkje fylgja med, og tida går veldig fort.

Utsira

Newth sitt besøk i samband med "Verdens bokdag" den 23. april er eit samarbeid mellom biblioteka på Utsira og i Bokn. Den aktive forfattaren, som har skrive heile 16 bøker på 12 år, reiser til øya vest i havet etter Bokn-besøket.


Han fortel til Bygdabladet at det hadde vore ideelt med fred og ro omkring dei nye prosjekta sine, og vil vurdera å ha eit skriveopphald i landets minste kommune, som forutan eiga skrivestove kan by på fleire interessante ting for ein naturinteressert skribent.

- Jeg har jo kikkert, så det blir vel tid til litt fugletitting også, seier han entusiastisk.

Lettvint i Bokn

Forfattarar som vitjar Bokn bibliotek blir imponerte av moderne og nye lokale. Den nógde biblioteksjefen, Linda Ognøy, stiller seg også i skrytekoret over amfiet, som ligg vegg i vegg med biblioteket.

- Auditoriet har gjort det så lett vint å arrangera ting. Med faste seter, scene, sminkerom og moderne av-utstyr ligg det meste til rette for alle




Newth med nokre av bøkene sine, som også er oversette til ei rekke språk. Ein tysk versjon av bildeboka "Liv i verdensrommet" er nyleg ferdig, og det er oppsiktsvekkande at utlandet viser interesse for norske bøker som er illustrerte.

slags arrangement.

Ikkje rart at formidling av kunst i Bokn nærast har eksplodert etter at auditoriet stod ferdig på tampen av året 2002, med m.a. barnetimar, bamsedag, show, teater, kino og ikkje minst fleire forfattarbesøk.

www.newth.net



Sikkert vårtegn

Kari Hetland

I april var det full aktivitet i sauehusene rundt omkring, både natt og dag. Nyfødte lam betyr travle tider for bonden.

En som har drevet med sau i en årekke er Mathias Are, og far til Mathias før han.

Da Bygdabladet stakk innom 21. april hadde han nettopp funnet et nyfødt lam sammen med mor si i bakken ved veien. Denne dagen var det kald og rå luft ute. Mathias var derfor snar med å få lammet inn i sauehuset.

- Saueflokket teller vel 70 dyr i alt. Av disse er 12 fjordlam og 57 sauer. Tror det muligens blir 3-4 sauer som ikke får lam dette året, men slikt skjer av og til, sier Mathias.

- Nå er det noen få igjen som skal lamme. Det har blitt noen turer i det siste for å se etter dem. Begynner å slappe av litt nå. Ei travel tid, men det hører med til våren dette, sier Mathias Are.

Konfirmantene som hovedaktører

Kari Hetland

Overhøringsgudstjenesten i kirken med etterfølgende konfirmantfest på Bokn Bedehus, søndag 25. april inneholdt både skjemt og alvor.

I kirken ønsket Aurdal velkommen og sa at i gamle dager var overhøringsgudstjenesten litt av en prøvelse for konfirmantene. Da stod de på geled i midtgangen mens presten gikk langs rekkene med en streng mine og et skarpt blikk. Han forlangte at konfirmantene skulle kunne på rams både salmevers og rett svar på spørsmålene han stilte. For noen kunne overhøringsgudstjenesten gå nesten på helsa løs og flere var det som rett og slett besvimte av ren nervøsitet.

- Heldigvis har vi det ikke slik i dag, sa presten.

Konfirmantene stod for tekstlesning fra Salme 121. De gav også de frammøtte en fin framstilling fra Lukas 19 v 1-10 med bildemotiver i fingermaling og bibelpantomime (drama). Hovedpersonen i stykket var tolleren Sakkeus, som var kjent for ikke å ha alt sitt på det tørre. Men det hindret ikke Jesus å ta kontakt med han.



BIBELPANTOMIME: fv. Andrej Dobrev, Øyvind Pedersen, Hanne Marte Vatnaland, Kjetil Vatnaland og Linn Sæbø med ryggen til.



Arne Aurdal holdt også tale til konfirmantene på Bedehuset.

Aurdals konfirmanttale i gudstjenesten var om mobbing. Han snakket om de som blir utestengt og plaget, enten det er på bussen til og fra skolen eller i skoletiden. Og hvor lett det er å hakke på det som er svakt hos andre. Presten sa at Jesu Ord ofte går ut på å reise andre opp.

Konfirmantfesten var på bedehuset. Eva Moi ledet festen for kvelden. Her var det pizza og Coca Cola på menyen. Etterpå kaffe og godt utvalg i kaker. Det var bordkonkurransse med forskjellig vanskelighetsgrad. Dette skapte latter, og det var tydelig at her var iveren til å vinne til stede.

Allsang hører også med. Disse med en del humoristiske innslag og tekst som ikke alltid passet til tonen. Noe som ofte blir brukt i konfirmasjons-sammenheng.

10 viktige sannheter erfart av barn

1. Det er umulig å døpe en katt, uansett hvor mye du prøver.
2. Når mamma er sinna på pappa må du ikke la henne børste håret ditt.
3. Hvis søsteren din slår deg, så ikke slå igjen. De tar alltid andremann.
4. Du må aldri be din tre år gamle bror om å holde en tomat.
5. Ikke la hunden passe på maten din for deg.
6. Du må aldri nyse når noen klipper håret ditt.
7. Du må aldri holde en støvsuger og en katt samtidig.
8. Det er ikke mulig å gjemme en bit med broccoli i et glass melk.
9. Ikke bruk polkaprikket undertøy til hvite bukser.
10. Det beste stedet å være når man er lei seg, er på fanget til bestefar.



Med og uten hest



Kari Hetland

Turdagen 1. påskedag, med egg- og pølsekoking på toppen av fjellet på Laupland, startet vått og endte tørt.

Bokn og Omegn Rideklubb (Bork) arrangerte påsketuren, der alle var invitert, med eller uten hest.

Det regnet godt ifra morgenen av, men holdt opp etterhvert. Da turen startet kl. 13.00 var det vel 40 personer som var samlet på Laupland. Noen hadde tatt turen ifra Haugesund. Været hadde ikke holdt dem hjemme.

- Det pleier å lette utover dagen så vi reiste ut selv om det regnet og var disig da vi nærmet oss Bokn, sa en dame som kom sammen med sin datter og søster fra Haugesund.

Folk var godt kledd i tilfelle himmelens sluser skulle åpne seg under turen.

Seks hester var også med - fire fjordinger og to shetlandspannier. Barna fikk sitte på hesteryggen etter tur. Det tok rundt 35 min. til toppen.

Der ble primusser tent opp og folk kokte egg og pølser. Hestene ble bundet til trær rundt omkring og



Kos med kokte egg og pølser.

både folk og fe koste seg.

Bork-formann Jan Are og tidligere formann Erik Eikje var godt fornøyd med løypen/stien opp til fjellet.

Politi i høy beredskap i Arsvågen

Kari Hetland

Politi med skarpladd gevær, skuddsikre vester og hjelm er vel ikke akkurat hva som forventes i Arsvågen.

Men mandag morgen 5. april var det bankran i Stavanger, og politiet så muligheten for at ranerne skulle bruke veien om Bokn i sin fluktrute. I Stavanger var en 53-årig politimann blitt skutt og drept i politibilen av raner som holdt vakt under bankranet.

Politiet stod klar på fergekaien, og ved hvert anløp Arsvågen ble bilene sjekket for våpen og utstyr i forbindelse med ranet. Lenger oppe ved billettkontoret stod to politimenn på post klar med skarpladd gevær for å sperre eventuelle ranere som ville prøve å unnsnippe kontrollen lenger nede.

Viking hadde satt sin kranbil ved billettkontoret for å sperre vegen ved ubekjent billetthytte. Dette for å hindre ranerne å komme ombord i fergen fra Arsvågen til Mortavika. Her ble alle fluktmuligheter blokkert.

Billettøren som var på jobb denne dagen i billett-kontoret kunne fortelle at hun var blitt informert av politiet om å holde hodet lavt og



Politi i høy beredskap. Bokn's Kyrre Lindanger, nr. fire fra venstre, var også utkalt på post.

følge med bilene som ankom billettkontoret.

-Det er lettere sagt enn gjort. Når jeg i tillegg skal selge billetter blir dette litt vanskelig. Det er nesten uhyggelig, sa hun til Bygdabladet.

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00


COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin-Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



COOP
marked




BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler baring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk dumperbiler.
- Levering av rør og kummer.




A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 - Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP



Kragere 2013

Du vet hvor dyrt det er å ha ferie.
– Spar til den dagen livet kun består
av fridager.

Noen hendelser i livet får store økonomiske konsekvenser.
Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Noko å feire?

Møte- og selskapslokaler og
hybel/leiligheter til leige
Me leverer òg smørbrød



Sjøhuset
i Alvestadbroken

Tlf: 52 74 86 05 - Mob. 90 94 88 26



Tlf: 52 76 50 50
Fax: 52 76 50 51

MILJØVERK IKS

- Tømming av mat- og restavfallsdunkar 26 gonger i året.
- Innsamlingsrute for farleg avfall 2 gonger i året.
- Miljøstasjonar med mottak av papir, glas m.m.
- Containerar for mottak av hytteavfall og ekstra restavfall.
- Levering til miljøparken på Toraneset utan ekstra kostnad.
- Kurs og binger for heimekompostering.
- Handsaming av innsamla avfall.
- Utdeling og vedlikehald av dunkar.
- Informasjon og rettleiing om renovasjonstenester og miljøspørsmål.

BOKN ETNE TYSVÆR VINDAFJORD ØLEN

TA VARE PÅ NATUREN



BOKN KOMMUNE

Seksjon teknisk søker vikarar

FERIEVIKARAR UTESEKSJONEN

Ved uteseksjonen treng me ferieavløysarar til parkmessige oppgåver og utandørs vedlikehald på kommunale bygningar, samt gartnerhjelp på kyrkjegarden.

Tidsrommet er juni – august. Søkarar må vere fylt 18 år.

Søknad skal sendast skriftleg til

Bokn kommune, seksjon teknisk, 5561 BOKN innan 1 juni 2004.

For spørsmål kontakt Unni W W Høivik, tlf. 52 75 25 06 - 98 22 15 14



BOKN KOMMUNE

49,33 % reinhaldsstilling på Boknatun ledig - 2. gongs utlysing

Då ein av våre faste reinhaldarar går av med pensjon 30.06.04, søker me etter ny reinhaldar.

Arbeidsstad:

Arbeidsstad er Boknatun som innbefattar administrasjonskontora, trygdekontoret, lege-kontoret, tannlegekontoret og sjukestova. Ein kan også bli pålagt reinhald på skule, barnehage, eller kommunale bustader i enkelte periodar.

Arbeidstid:

Arbeidstida er kl. 8.00 – 11.40 kvar dag, men kommunen er open for å diskutera andre tidspunkt.

Kvalifikasjonar:

Det krevst alminneleg god helse og fysikk. Det er ynskeleg med fagbrev, men personar med arbeidserfaring vil også bli vurderte.

Anna

Stillinga gir pensjonspoeng

Søknadsfrist: 01.06.04

Søknad skal sendast til Bokn kommune v/seksjon teknisk, Boknatun, 5561 Bokn.

Interesserte kan ta kontakt med Unni W W Høivik på tlf 52 75 25 06 - 98 22 15 14

Hanen og månen

når fullmånen lyste sterk som ei sol
det va høst og me nermte oss vinter
då mysta hanen vede skrålte og gol
og prøvde å få orden på sine jenter

det va et spetakkel uten like
ein månegal hane med hoff
han ville legga onna seg heila riket
og ville ikkje bli avspist med loff

han starta sjå smalen om de ville ver med
og skrøyt av ullas fine kvalitet
smalen blei smigra og såg ikkje någe galt i det
de blei jo lovte ein evige herlighet

ein stormanngal hane gjekk foran sin flokk
og gjekk målbevisst bort te grisen
grisen nølte og synes ikkje de va mange nok
te å erobra å vinna den store prisen

men grisen blei med og hanen va kry
neste stopp va sjå den arbeidsky hesten
hanen bruste med fjørå og prøvde å fly
og spurte om han ville vera med på festen

det blir vel meir arbeid sa hesten trist
når du gale te sol og te måne
det blir mindre arbeid det er sikkert og visst
sa hanen med blikket mot den blåaste blåne

hesten gjekk bakerst når Dagros blei spurt
hu diskuterte med Perle og Stjerna
dei blei enige om at det kanskje ikkje va så lurt
hanen meinte det sko bli godt å få bonden fjerna

me må jo melkast både kveld og morgen
bonden e flink sjølv om fingrane ofta e kalde
og uten hender blir det bare sorgen
månen blunkte og nermte seg halle

det blinkte kaldt i fra hända når bonden kom ut
han strøyg eggen forsiktig øksa va klar
hanen la seg flade som ein fjærpryda klut
og tenkte på det så e men mest på det som var

hanen hørte ett sus i loftå å økså traff tre
men håve var med når beinå begynnte å springa
hanen møtte låveveggen og det va det
revolusjonæren slapp fra det med ei brukkå vinga

solå lyste på garden og roen fant fram
snøen gjømte alt onna ei dyna av kvitt gull
nå trur du sikkert at historien ikkje e sann
men det mesta kan skje når månen e full

Kjetil Hamre

Kulturmidlar 2004

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

- Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2003 og budsjett for 2004 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.
- Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakt inn i budsjettet for 2004, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Årets pott er kr. 100.000,- og kulturmidlane for 2004 blir fordelte i formannskapsmøte 1. juni.

P.g.a. ein beklageleg feil blei ikkje denne annonsa med i aprilutgåva av Bygdabladet. Med tanke på at saka skal behandlast før ferien fekk samtlege som mottok støtte i fjor tilsendt søknadsskjema i april med søknadsfrist 14. mai.

Eventuelt nye søkjarar får ein kort spesialfrist for å vera med i fordelinga. Denne er 18. mai.



Søknadsskjema får du i Servicetorget på Boknatun, eller tilsendt på e-post ved å kontakta jhavikbotn@bokn.kommune.no - 52 75 25 08

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

TOMANNSBOLIG

Halvparten av en tomannsbolig i Føresvik på 105 m2 med dobbel garasje og stor og solrik hage til leie/ev. salg av hele boligen - bud ønskes.

52 74 85 56 - 97 14 06 75



ARSVÅGEN KRO OG GARDSMAT A/S

TLF. 52 74 80 00
gardsmat@online.no

- # Vi leverer snitter, smørbrød, koldtbord og varmmat etter deres ønske
- # Selskapslokaler med god hjemmelaget mat
- # Møtelokaler til alle formål
- # Egenproduserte pølser tuftet på gamle oppskrifter "selges nå fra kiosken"
- # Kjøtt fra storferasen "Aberdeen Angus" - kjent som kanskje verdens beste kjøtt
- # Vi serverer middag hver søndag fra kl. 13.00 til 17.00 på Angusloftet.

Utbyggingen er ferdig og butikken og kafeen er åpnet, med middagsservering hver dag. Søndagsmiddagene vil nå bli servert i første etasje.

Offisiell åpning med mange gode tilbud i slutten av mai..

*VI SATSER PÅ GOD HJEMMELAGET MAT
TIL HVERDAG OG FEST*

LEILIGHET TIL LEIGE

Stor stue, 2 soverom, kjøkken, bad

Henvendelse: Coop Bokn B/A - tlf. 52 74 83 16



**KIRKENS
NØDHJELP**
Sammen for en
rettferdig verden

Fasteaksjonen 2004

Konfirmantane samla inn kr 13 763,- og det kom inn offer på 4 200,- tilsaman 17 963,-

Innsamlinga dette året går til reint vatn.

AMROCK JV AS

Din lokale leverandør av:

PUKK, SINGEL og GRUS

Utsalg Førre Industriområde
Utsalg Espevik

tlf. 52 77 91 70/400 74 416
tlf. 52 75 42 30

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar torsdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Ettermiddagar ope ved behov.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på torsdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Hei, alle 70-åringar og dei som er eldre

Dagsenteret på Boknatun har no flytta over i nye
lokaler. Me held til i den nye dagliegstova som
høyrrer til omsorgsbustadene.

Har du lyst til å komma og vera i lag med oss?

Opningstida er no kvar torsdag frå kl. 11.00 -
15.00.

Påmelding, ring 52 74 83 09

Julianne Nilssen
aktivitetsleiar for dagsenteret

"Vaflene" har nå tatt ein pause til etter sommar-
ferien.

Bokn idrettslag

Annonsér i 

BOKN BYGDABLADE



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
inlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 200,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvsida kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

Stort forsidebilde

17. mai 2003

Foto: Reidar Alvestad



Bygdabladet ynskjer alle
lesarane sine ein fin
nasjonaldag!



1. klasse hausten 2004



Desse elevane blei innskrivne 23. april.

Frå venstre: Anja Aksdal Knutsen, Sylvia Marlene Vatnaland, Mari Bokneberg, Amalie Nilsen, Annelin Eide, Marita Lie Alvestad, Fredrik Sunde Olaussen, Bjørn-Ove Dagsland Jøsang, Sander Knutsen Jøsang, Jone Våga, Erik Nilssen og Gabriel Nesse Hetland.

Fyrste skuledag for den nye klassen blir måndag 16. august.

Bie med flottører

Om det kan se ut som flottører (vannflyunderstell) så er det noe ganske annet.

I biesamfunnet nå om dagen foregår en iherdig innsats for å fore yngelen. Arbeidsbiene har en travel arbeidsdag. Utstyrt med poser på bakbeina flyr de fra blomst til blomst for å samle blomsterpollen og nektar. Disse fylles gradvis mer og mer og kan av og til skape problemer for bien å klare å ta av (take-off).

Sigurd Johnny Svendsen, vår

lokale birøkter-ekspert kan fortelle til Bygdabladet at det hender biene må mellomlande i noen minutter for å ta en pust i bakken slik at den kan klare siste innspurt før landing på forbrettet og inn i kuben til yngelen med maten.

Svendsen sier at det er fasinerende å stelle med bier. – Her er et helt samfunn og hver bie har sine oppgaver med en sjef på toppen som er dronninga selv. Men hun er hjemmeværende mens hennes arbeidere er ute å sanker mat til den framtidige generasjonen i kuben, avslutter han.

Tekst & foto: Kari Hetland

